



SOGESTRENGER

Sigurd Telnes (f. 1925) er kjend som formidlar av sogestoff frå Vest-Telemark. Han er oppvaksen i Seljord, og har heile sitt vaksne liv vore interessert i sogematerialet frå heimstaden. I sitt 90. år er han framleis aktiv med blant anna sogevandringar, små skodespel og kåseri. Han har vore leiar i Seljord kunstforening i ei årrekke, utgjeve fleire bøker om lokale emne og har vore sentral i Landstadinstituttet og Landstadsenteret. I 1987 fekk han Kongens forteneSTEMEDALJE i gull for sitt arbeid innan kulturfeltet.

Sara Fjågesund Aase (f. 1984) er barnebarnet til Sigurd Telnes. Ho er A-klasse-utøvar på hardingfele, og formidlar hardingfelespelet frå Seljord og Vest-Telemark. I 2009 avslutta ho mastergraden sin ved Høgskulen i Telemark. Tittelen på masteroppgåva

var «Hun blev i elfven – kvinner i slåttar og slåttesoge».

«Sogestrenger»

Bandet mellom slåttespel og forteljar-kunst er sterkt. Det å formidle ein slått handlar i stor grad om å formidle eit tradisjonsstoff, og spelemenn har til alle tider late seg inspirere av soger som er knytte til spesielle hendingar og personar – både til å skape ny musikk, og for å formidle eksisterande slåttar. Slåttemusikken byggjer på stemningar og kjensler, og sogene er i høgste grad med på å forsterke desse. Sogene og tonane har røter i natur og miljø, dei er stadbundne og namnfeste – Gonil Dale blei for alltid fanga i Gagnåsnuten, Kivlemøyen står som støtter i stein høgt oppe i det bratte Kalvejuvet og tonane som strøymde ut av Skardsnuten lever framleis.

«Sogestrenger» er eit resultat av den rike forteljar- og speltradisjonen i Seljord. Denne tradisjonen er ikkje lenger levande på same måte som før, då det blei fortalt, kvede og spela i mange stoger når skumrings-timen smaug til tuns. Både soger og slåttar hørde med i det daglege livet, og blei formidla vidare frå generasjon til generasjon utan å bli festa til papir. Nokre av sogene på denne utgjevinga er ikkje nedskrivne, og eksisterer den dag i dag bare på folkemunne. Me ser det som viktig å synleggjere denne tradisjonen gjennom ei utgjeving som dette. Eit medvete val har difor vore at sogene heller ikkje i tekstheftet er skrivne ned i full form, men bare som korte samandrag. For å få ei kjensle av nærleik er opptaka med Sigurd gjort heime hjå han med

ein mobil opp-takar. Ein kan difor høyre at klokka slår og at det sprakar i omnen.

Utgjevinga peikar tilbake til ei tid som ein gong var. Men sogene og slåttane kan utan problem peike inn i framtida, og kan på mange måtar virke som livsvisdom og rettleiing for oss som lever i dag. Dei er med andre ord tidlause, og representerer noko som er attkjenneleg også for menneske i notida. Det er ofte ein bodskap som blir formidla, og denne bodskapen kan vera like aktuell for oss i dag som for menneska som levde før oss. Me håpar utgjevinga vil vera til glede og underhaldning for mange!

Sara Fjågesund Aase og
Sigurd Telnes

1 «Langedragen III» gangar - 3.44
Denne slåttan er ein av tre namnlause gangarar etter Øystein Langedrag (1785–1848) som har blitt nummerert I, II og III. Slåtten er i form etter Vidar Lande (1949–) og Torbjørg Aas Gravalid (1916–2008).

2 «Skardsnuten» soge - 2.33
Øystein Langedrag var fødd på Kovadølen i Seljord, men budde ei tid på plassen Langedrag i Øvre Bø. Olav R. Soterud (1782–1828) kom frå plassen Soterud, som ligg på andre sida av Bøelva for Langedrag. Det var såleis naturleg at Olav og Øystein vanka saman, spelemenn som dei baa var.

Skardsnuten er ein fjelltopp langs Skarsvegen, som går frå Fossheim i Åmotsdal og over til Svartdal, og var i gamal tid ei av ferdselsårene opp

mot Rauland. Åmyrmarken var ein viktig møtestad for folk i bygdelaga ikring, men også for spelemenn og utveksling av slåttar. Det blei ofte lange nettar og mykje speling i slike samanhengar. Trøytt og med hovudet fullt av spel, skulle det kanskje ikkje så mykje til å førestille seg både det eine og det andre.

3 «Skardsnuten» gangar - 2.40
Slåtten er i form etter Magne Herrefoss (1963–) og Torbjørg Aas Gravalid.

4 «Guro Heddelid» soge - 4.55
Soga om Guro Heddelid er i hovudsak bygd på Jørund Telnes (1845–1892) sin diktsyklus med same namn. Guro skal ha budd på Heddelid i Grunningsdalen, eit dalføre mellom Seljord og Hjartdal, rett før Svartedauen. Ho skal ha vore ei

vakker og rik jente med mange belarar. Ho var forelska i ein fattiggut som heitte Tore Smylimoen, men hadde gjeve faren eit løfte før han døydde om ikkje å gifte seg under sin stand. Ho valde å gifte seg med Torgeir Uppstad, ei slåsskjempe frå Setesdal. Ekteskapet blei ikkje lukkeleg, og Guro angra heile livet på valet ho gjorde av ektemake.

5 «Guro Heddelid» gangar - 2.44
Gangaren «Guro Heddelid» er i tradisjon etter Gudmund Manheim (1918–1991) frå Seljord. Slåtten har mange former og namn, og er sannsynlegvis ein gamal slått som har vandra mellom Vestlandet og Telemark. Slåttenamnet «Guro Heddelid» skal ha blitt gjeve av spelemannen Eilev Smedal (1889–1938). Andre namn på same slåtten er «Tjønningen» og «Sóllikrokan».

6 «Kivlemøyen» soge - 1.55

Dei tre Kivlemøyen gjette geitane til faren oppi den bratte Kivledalen. Ein søndag var det messe i Kivle-kyrkja. Kivlemøyen var også denne dagen ute og gjette geitane sine, og såg kyrkefolket koma gåande til messe. Då alle folki hadde gått inn i kyrkja og messa var i gang, tok jentene fram fløyte, bukkhorn og lur og tok til å spele. Tonane dirra og skolv utover dalen og høyrdest heilt inn i kyrkja, og folk blei så tekne at dei gløymde alt. Dei kunne ikkje sitje inne, men strøymde ut og samla seg på kyrkjebakken, trollbundne av tonane. Til slutt var det bare presten att inne i kyrkja. Då han såg at heile ålmugen hadde gått ut av kyrkja for å høyre på Kivlemøyen, blei han så harm at han mana dei i stein. Tonane slokna ut, og jentune blei ståande som tre

steinar der oppe i fjellet. Dei blei sidan kalla Kivlemøyen.

7 «Kivlemøyen» gangar, springar, forsteining - 5.07
Desse slåttane er truleg blant det eldste slåttstoffet me har. Tradisjonen kring slåttane er komplisert, og «Syster-slåttane» høyrer også inn under denne slåttegruppa.

Forma som blir spela er i hovudsak bygd på opptak med Torkjell Haugerud (1876–1954). Han hadde slåttan etter svigerfaren, Sigurd Nes, som hadde lært han direkte av Leiv Sandsdalen, men Haugerud har forma mykje av slåttan sjølv.

8 «Lugar-Ola i Loftsgardsreinan» soger - 4.54
Olav Sandsdalen (1832–1908), eller Lugar-Ola som han også blei kalla, var ein spesiell og original kar.

Foreldra var spelemannen Øystein Langedrag og Tone, fødd Leivsdatter Lomodden (1793–1859). Han var yngst i ein barneflokk på fire, men var i alle år nært knytt til den eldre broren og spelemannen, Leiv Sandsdalen (1825–1896).

Olav var fødd med ein brokk-skade, og var difor arbeidsufør. Han var fæl til å fantasere, og historiane var ofte morosame og naturstridige. Olav var ein forteljar av høg klasse, ofte knipte han att høgare auga og stirde langt med venstre. «Kvifor kniper du att det eine auga når du fortel?» spurde ein. «Eg treng ikkje meir enn eitt auga når eg lyg,» svara Olav.

9 «Sandsdalsgangaren» - 3.47
Slåttan er i tradisjon etter spelemannen Leiv Sandsdalen frå Seljord.

10 «Skuldalsbruri» soger - 3.44

Soga om Skuldalsbruri skriv seg frå Åmotsdal og garden Skuldalen. Her budde det ei jente, ei einberingsjente, som heitte Signe. Gutane i området var interesserte i Signe, og mellom dei ein fattiggut frå ein plass i nærleiken som heitte Eivind Grøvi. Signe hadde mest hjarte for honom, men faren godtok ikkje at dottera gifta seg under sin stand, og tvinga ho i staden til å gifte seg med den rike naboguten. Utpå bryllaupsnatta forsvann ho. Då dei fann ho hadde ho drukna seg i Skuldalsløyken.

11 «Skuldalsbruri» gangar - 4.25

Slåttan er, i likskap med «Kivlemøyen», noko av det eldste slåttstoffet me har. Denne forma er etter Magne Herrefoss og Torbjørg Aas Gravalid.

12 «Vandringen» soger - 0.56

Knut Glenna (1815–1897) var opprinneleg frå Bø, men sidan han vandra mykje bygdimellom blei han kalla Vandringen. Han budde på ein husmannsplass under Gåsdalen på Seljordsheii. Knut hadde ein eigen sleng på dansen og eit eige svip over spelet. Slåttane etter han blir kalla for vandringslåttar.

13 «Vandringen» springar - 2.03

Denne springaren lærte Magne Manheim (1928–1997) bort då han var musikalsk leiar i Seljord spelemannslag, og slåttan er i form etter han.

14 «Gonil Dale» gangar - 1.45

Mattis Haugerud (1908–1967) var nevøen til Torkjell Haugerud, og dreiv butikk på Sandnes på Garvikstrondi.

Han har komponert slåttene til soga om Gonil Dale. Sigurd Telnes gjorde på 1960-talet opptak med Mattis. Forma som blir spela er etter dette opptaket.

15 «Gonil Dale» soge - 22.58

Gonil Dale kom frå garden Dale i Trollebotn. Ein dag ho og ei anna jente var ute og gjette, sovna Gonil, og då jenta ville vekke ho, fekk ho ikkje liv i ho. Jenta sprang då for å hente hjelp. Då dei kom tilbake til der Gonil hadde sovna, var ho borte

Fleire år etterpå var bror til Gonil, Hølje, på veg til kyrkje, men då han ikkje nådde båtane i Grovestå, la han seg til å kvile og sovna. Då han vaknar kjenner han seg ikkje att. Han kjem til ein gard, og i tunet ser han syster si, Gonil. Ho har blitt bergteken av Tussen i Gagnås. Gonil fortel at ho

har fått ei gåve av Tussen. Det er at ho kvar joleftan, så lenge ho har slektningar og vener att i Trollebotn, skal få koma ut på Gagnås å huge.

Hølje forlet Gonil inne i fjellet, men får med seg to gåver av Tussen. Den eine er ein mynt som kjem tilbake i lomma når ein betalar med han, den andre er ein fisketaum ein får fisk med bare ein kaster han ut i vatnet. Det går godt for Hølje etter dette, og han lever vel. Men etter mange år blir han oppsøkt av ein liten tussegut som seier at han må gjera opp buet sitt, for dagen etter kjem han til å døy. Morgonen etter døyr Hølje.

16 «Jol i Trollebotn» springar - 2.46

Mattis Haugerud har også komponert denne slåttene, og forma er etter opptak med han.



Sigurd Telnes (b. 1925) is a former head teacher and local storyteller from Seljord in western Telemark. Throughout his life he has been interested in local stories and traditions, and has written several books on art and folklore from the area. He has been the chairman of the Seljord Art Association for many years, and has played a central part in the Landstad Centre. In 1987 he was awarded the King's Medal of Honour for his efforts within the field of culture. At the age of ninety he is still active arranging historical excursions, writing short plays and giving talks on local history.

Sara Fjågesund Aase (b. 1984) is Sigurd Telnes's granddaughter. She plays the hardanger fiddle in the national top division, representing the musical tradition from Seljord and western Telemark. In 2009 she finished her MA at Telemark

University College with a thesis entitled «Hun blev i elfven – kvinner i slåttar og slåttesoge», which examines the role of women in musical and textual folk traditions from Seljord.

«**S**tory Strings»

There is a strong connection between traditional fiddle tunes and storytelling. To perform a tune is also to pass on traditional material; fiddlers have at all times been inspired by stories associated with special events and people – both in terms of creating new music and in the ways in which existing tunes are performed. Traditional fiddle music builds on moods and emotions, and the stories greatly enhance these characteristics. The stories and the tunes have their roots in nature and the environment, and they are connected to places and

names – Gonil Dale is forever captured in the Gagnås mountain; the Kivle maidens stand as stone pillars in the steep Kalvejuvet gorge; and the tunes that flowed from the Skardsnuten mountain are still alive.

«Story Strings» is the result of Seljord's rich storytelling and musical tradition. These traditions are losing their hold on the younger generation. In former days, as soon as the nights got darker, the little cottages around Telemark would be filled with stories, songs and fiddle tunes. Both stories and tunes were natural parts of everyday life, and were passed down from one generation to the next, without being written down. Some of the stories presented here still exist only in their spoken format. A key part of this project has been to highlight the importance of the oral tradition. A conscious choice has therefore been

not to write down the stories in their entirety, but instead as short summaries. In the hope of achieving a degree of closeness and authenticity, the recordings of Sigurd were done at his house with a mobile recorder and thus the sound of the clock and the wood fire crackling can be heard in the background.

These tunes and stories hark back to bygone days, but undoubtedly they can also point to the future, and in many ways serve as timeless sources of wisdom and guidance for us living today. They often contain a moral message, which can be just as relevant today as for those who lived before us. We therefore hope they will be a source of entertainment and pleasure for many.

Sara Fjågesund Aase and
Sigurd Telnes

1 «Langedragen III» gangar - 3.44
This tune is one of three nameless gangar tunes (i.e. tunes in 2/4 or 6/8 time) from the fiddler Øystein Langedrag (1785–1848), which are thus numbered I, II and III. The form of the tune is in the tradition of Vidar Lande (1949–) and Torbjørg Aas Gravalid (1916–2008).

2 «The Skardsnuten Mountain» story - 2.33
Øystein Langedrag was born at Kovadølen in Seljord, but lived for some time at the little farm Langedrag in Øvre Bø. Olav R. Soterud (1792–1828) came from the farm Soterud, on the other side of the Bøelva river from Langedrag. Olav and Øystein knew each other well and spent a lot of time together, as they were both fiddlers.

Skardsnuten is a mountaintop

along Skardsvegen, which goes from Fossheim in Åmotsdal over to Svartdal, and was in the old days one of the roads to Rauland. The Åmyrmarken fair was an important meeting place for people in the surrounding villages, but also for fiddlers and for the exchange of tunes. Usually there were long nights and a lot of playing during these events. It is therefore hardly surprising that one might imagine strange things, being tired and with one's head full of tunes and music.

3 «The Skardsnuten Mountain» gangar - 2.40
This tune has its form from Magne Herrefoss (1963–) and Torbjørg Aas Gravalid.

4 «Guro Heddelid» story - 4.55
The story about Guro Heddelid is mainly

based on Jørund Telnes's (1845–1892) collection of poems of the same title. Guro is said to have lived at Heddelid in Grunningsdalen, a valley between Seljord and Hjartdal just before the Black Death in the 14th century. She was supposed to be a beautiful and rich girl with many suitors. She was in love with a poor boy called Tore Smylimoen, but before her father died she had promised him not to marry beneath herself. Therefore she chose Torgeir Uppstad, a brawler from Setesdal. The marriage was not a happy one, and Guro regretted this choice for the rest of her life.

5 «Guro Heddelid» gangar - 2.44
The gangar «Guro Heddelid» is played in the tradition of Gudmund Manheim (1918–1991) from Seljord. The tune has many forms and many names and is

probably an old tune that may have travelled from western Norway to Telemark. The title «Guro Heddelid» is said to have been given by the fiddler Eilev Smedal (1889–1938). Other titles for the same tune are «Tjønningen» and «Sóllikrokan».

6 «The Kivle Maidens» story - 1.55
The three Kivle maidens were herding their father's goats in the steep Kivle valley. On Sunday there was a service in the little Kivle church. On the same day, the Kivle maidens were out herding their goats and saw the people on their way to church. When everyone had gone into the church, the maidens took up their instruments and started playing. The music flowed through the valley and could be heard all the

way into the church. The congregation refused to sit inside any longer and came out to listen to the beautiful tunes. Eventually, the priest was the only one left inside the church. When he saw the whole congregation standing outside listening to the Kivle maidens, he was so infuriated that he cursed them and turned them into three pillars of stone.

7 «The Kivle Maidens» gangar, springar and the turning into stone - 5.07

These tunes are probably among the oldest fiddle tunes in existence. The tradition surrounding them is complicated, and the «Sister tunes» also belong to this group of tunes. A springar is a tune in 3/4 time.

The version that is played here is mainly based on the recordings of the fiddler Torkjell Haugerud (1876–1954). He had this tune from his father-in-law, Sigurd Nes, who had learnt the tune directly from Leiv Sandsdalen (1825–1896),

but Haugerud has formed much of the tune himself.

8 «Ola the Liar in the Steep Hills at Loftsgarden» story - 4.54

Olav Sandsdalen (1832–1908), also known as «Ola the Liar», was a strange and original character. His parents were Øystein Langedrag and Tone, whose maiden name was Leivsdotter Lomodden (1793–1859). He was the youngest of four siblings, but was throughout his whole life very close to his older brother and fiddler, Leiv Sandsdalen.

Olav was born with a hernia, and was incapable of physical labour. He had a vivid imagination, and his stories were often funny and fantastical. He was an eminent storyteller, and when he was telling a story he often shut his right eye and stared with his left. «Why do you shut one of your eyes when you tell a story?» somebody asked.



«I don't need both eyes when I lie», was Olav's answer.

9 «The Sandsdalen Gangar» - 3.47

This tune is in the tradition from Leiv Sandsdalen from Seljord.

10 «The Skuldalen Bride» story - 3.44

The story is about a girl called Signe, at the Skuldalen farm in Åmotsdal. The boys in the area were interested in Signe, and among them was a poor boy called Eivind Grøvi.

Signe was fond of Eivind, but her father did not accept her marrying beneath herself, and made her marry the rich boy from a neighbouring farm. On the wedding night she disappeared, and when they found her she had drowned herself in the river behind the farm.

11 «The Skuldalen Bride» gangar - 4.25

Like «The Kivle Maidens», this tune is among the oldest fiddle tunes in existence. This form

of the tune is from Magne Herrefoss and Torbjørg Aas Gravalid.

12 «The Ramble» story - 0.56

Knut Glenna (1815–1897) was originally from Bø, but rambled from village to village and was therefore called «the Rambler». He lived on a little farm at Seljordsheii. Knut had his own way of dancing and playing the fiddle. The tunes descending from him are called «rambler tunes».

13 «The Ramble» springar - 2.03

Magne Manheim (1928–1997) taught this tune to the members of the Seljord Fiddler Group while he was the musical leader of the group, and the form of the tune is his.

14 «Gonil Dale» gangar - 1.45

Mattis Haugerud (1908–1967) was the nephew of Torkjell Haugerud, and was a

shopkeeper at Sandnes, Garvikstrondi. He has composed the tune to the story about Gonil Dale. In the 1960s Sigurd Telnes recorded Mattis when he played the tune, and this is the basis for the present version.

15 «Gonil Dale» story - 22.58

Gonil Dale came from the farm Dale in Trollebotn. One day when she and another girl were out tending the sheep, she fell asleep, and her friend was unable to wake her up. The girl ran to fetch help, but when they came back, Gonil had disappeared.

Several years later, Gonil's brother, Hølje, was on his way to church, but the boats had left, so he lay down and fell asleep. When he woke up he did not know where he was. He came to a farm, and in the yard he recognized Gonil, his sister. She had been lured into the mountain by the gnome in the Gagnås mountain. Hølje wanted her to

come back with him, but that was impossible. She told him, however, that the gnome had granted her a favour: every Christmas Eve, as long as she had relatives and friends left in Trollebotn, she was allowed to call from the top of the Gagnås mountain.

Hølje left Gonil inside the mountain, but received two gifts from the gnome. One was a coin that returned to his pocket every time he bought something with it; the other was a fishing line that would always catch fish. After this Hølje did well. But after many years a little gnome boy came to Hølje and told him that he must settle his affairs, because the next day he was going to die. The following morning Hølje died.

16 «Christmas in Trollebotn» springar - 2.46

Mattis Haugerud also composed this tune. The present version is based on recordings with him.



Innspelingslokale: Grønnerud Studio i Flatdal og Tussehaugen i Seljord

Opptak: Eivind Aase og Sara Fjågesund Aase

Miksing og mastring: Fridtjof A. Lindeman, Strype audio

Foto: Dag Jenssen

Grafisk design: IKI design

Tekst: Sara Fjågesund Aase og Sigurd Telnes

Engelsk omsetjing: David Telnes Fjågesund og Peter Fjågesund

Konsulentar: Stein Versto, Guro Dale og Håkon Aase

Produsent: Eivind Aase

Økonomisk stønad: Seljord kommune, Landskappleikfondet, Telemark fylkeskommune, Haugerudfondet, Rådet for folkemusikk og folkedans, Fond for utøvende kunstnere, Sparebanken Din, Seljord sogelag, Falkeriset folkemusikklag, Seljord folkemusikklag, Seljord Mållag og Spelemannslaget Sullarguten.

Takk til:

- Bergljot, Borghild, Peter, Eivind, Gunhild og Sigurd for god støtte og hjelp med utgjevinga
- Oddbjørn Aase for lån av musikkhus
- Ta:lik for godt samarbeid
- Alle som har støtta prosjektet økonomisk

